

Til Kunde  
Adresse  
Postnr./Navn

## Overføring av kundeforhold til Eninvest

Med verknad frå 1.1.2010 blir Ditt kundeforhold i Jølster Breiband overført til Eninvest as.

Eninvest vil frå denne dato ta over drift av nett, kundeservice og oppfølging av ditt abonnement. Pris og kapasitet på ditt abonnement blir uendra.

Eninvest sitt kundesenter er ope alle yrkedagar frå 08:00 til 16:00. Onsdagar er det opent til kl 18:00. Du kan kontakte Eninvest kundesenter ved å sende e-post til [kundeservice@eninvest.no](mailto:kundeservice@eninvest.no) eller ringje 57 00 91 00.

Jølster Breiband vil takke for samarbeidet og ynskje Deg lukke til vidare som kunde hos Eninvest.


Vedlagt på side to finn du oversyn over dei tilleggstenester og moglegheiter du får tilgong til hos Eninvest.

Eninvest vil ynskje Deg velkomen som kunde hos oss.

Vi håper du vil finne Deg til rette med vår oppfølging i det vidare.


Førde / Skei 14.12 2009

Med helsing  
Eninvest as



.....  
Nandor Helgheim  
Dagleg leiar

Med helsing  
Jølster Breiband as



.....  
Joar Dvergsdal  
Styreleiar

## Velkommen som brukar av Enivest Privat Breiband

Enivest vil med dette ynskje deg velkomen som kunde, og informere deg om abonnementet og dine inkluderte tenester.

### **Inkludert i abonnement frå Enivest får du fleire tenester**

**E-post** : Abonnementet ditt inkluderar eitt ftp-område med inntil 150 MB heimesideplass og opptil 5 e-postadresser med 150MB lagringskapasitet på kvar adresse. E-postadressene blir oppretta av Enivest AS og vil vere på forma: *fornavn.etternavn@enivest.net*. Ta kontakt med Enivest for å få tilgong til e-postadressene og ftp-området.

**Antivirus og Spamfilter**: Som Enivest kunde får du gratis antivirusprogramvare frå ALWIL Software. På heimesida vår finn du lenkje, og brukarrettleiing for å laste ned ein Home Edition versjon av Avast Antivirus.

E-postadresser som høyrer til abonnementet frå Enivest, vert automatisk filtrert gjennom ei anti-spam løysing.

**Enivest Sikker Lagring**: Enivest Sikker Lagring gir deg moglegheit til å lagre dine bilete, musikk eller andre datafiler på sikre servere hos Enivest. Du har 1 GB lagringsplass inkludert i abonnementet ditt, dette kan du utvide til 10 GB eller 50 GB om du treng meir plass. Til Enivest Sikker Lagring nyttar du same brukarnamn og passord som til e-postkontoen din hjå Enivest. Les meir i vedlagt folder.

**Enivest Trådløs Sone (Hot Spot)**: Med abonnement frå Enivest har du tilgong til trådløst internett som Enivest har etablert på utvalde offentlege møteplassar, utan ekstra kostnad. Du nyttar same brukarnamn og passord som til e-postkontoen din hjå Enivest. Sjå oversikt over Enivest Trådløse Soner på heimesida vår.

### **Andre tenester**

**Enivest breibandstelefonti**: Enivest tilbyr breibandstelefonti til alle våre kundar. Vi har abonnement med gunstige prisar både for dei som ringjer mykje og for dei som ringjer lite. Sjå oversikt over abonnement og ringeprisar på heimesida vår.

### **Fakturering**

Fakturering skjer kvartalsvis med oppstart i januar 2010. Enivest tilbyr Avtalegiro og E-postfaktura. Faktura blir sendt til adressa vi har registrert på deg, som er den same som dette brev er adressert til. Om du ynskjer faktura sendt til annan adresse må du kontakte Enivest innan januar 2010 for å sikre at ikkje faktura blir feilsendt. Dersom du gir melding til Enivest om at du ynskjer e-postfaktura, slepp du papirgebyr for faktura på kr 35,-/mnd.

Om du ynskjer AvtaleGiro så ordnar du dette i nettbanken din, eventuelt kan du ta kontakt med banken din så vil dei ordne dette for deg. Om du inngår AvtaleGiro vil du få fakturaen tilsendt til din e-postadresse og vil soleis sleppe å betale papirgebyr for faktura.

Med helsing  
Nandor Helgheim  
Dagleg leiar – Enivest AS